



# Valldal Idrettslag

## Styremøte Valldal IL

Torsdag 27. august 2020 kl 19.30

Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik

1. vara til styret: Turid Løvoll

Fotball v/Solfrid Fjeldstad

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Forfall:

Odd Lennart Vikene, Anne Nygård

Disksport v/Richard Moen

Sakliste-

### **24/20 Status om aktivitet i gruppene og hovedstyret**

**Trim:** Seigt å få ut alle postane på fjelltrimmen pga av mykje snø. Bra deltaking.

**Fotball:** Laga retningsliner for treningar og kampar mtp smittevern. Litt utfordringar med trenermangel. Seniorane har trekt seg, medan alle andre påmeldte lag er i gang.

**Friidrett:** Interne cupar for Valldal. Cup sist torsdag med over 40 deltakarar. Planlagt ytterligare to cupar. Droppa kiosk.

**Ski:** Rulleskitrening og skiskyttertrening. Følgjer smittevernreglane. Det er utfordrande å få til treningssamlingar – må i hovudsak ha dagsamlingar. Gruppa ser det som viktigast no å oppretthalde aktiviteten.

### **25/20 Mefjellet opp og Olsokarrangement**

Begge arrangement gjennomført tilpassa Korona. 60 deltok i konkurrans og 80 i trim på Mefjellet opp. Olsok svært amputert med Jordbærdilten og konsert. 130 deltok på jordbærdilten og konserten i på Fjellro hadde lite deltaking. Netto overskot om lag kr 70.000. Sponsorinntekter på kr 90 000 berga” arrangementa. Ein del av overskotet kan fordelast til gruppene.

Einigheit i styre om at fotball og ski får kr 10 000 kvar medan friidrett, trim og disksport får kr 5 000 kvar.

### **26/20 Søkna om kompensasjon for tapte inntekter**

Det er opna for å søkje om kompensasjon for tapte inntekter p.g.a. korona for perioden 12.3.- 31.8. Ordninga er utvida til å omfatte også tapte inntekter på kiosksal og lotteri, i tillegg til opprinneleg ordning med tap av billettinntekter og deltakaravgift. Det er ei nedre grense på søknadsbeløp på kr 25.000, men det gjeld organisasjonen Valldal idrettslag. Søknafrist 15. september



# Valldal Idrettslag

Kvar gruppe må tenke gjennom tap p.g.a. avlyste eller delvis avlyste arrangement i den aktuelle perioden.

Det er høve til å søke om 70% kompensasjon for tapte inntekter (Netto overskot)

Det må søkjast på kvart einskild arrangement.

## **27/20 Søknad om treningstid –kommunale bygg/anlegg**

Det er opna for å søkje Fjord kommune om treningstider i kommunale anlegg for skuleåret 2020/21. For vår del gjeld dette Martin Linge huset. Søknadsfrist 1.9

Det skal sendast ein felles søknad frå VIL. Digital søknad på Fjord kommune si heimeside.

## **28/20 Idrettskule**

Oppfølging av sak frå førre styremøte.

Odd Lennart Vikene har laga eit forslag til organisering.

Styre ser det som viktig å ha ein lønna ansvarleg for idrettskulen der dei ulike gruppene vel ein representant som saman med den ansvarlege sit i ei barneidrettsgruppe. Frist for innmelding frå gruppene er før neste styremøte som er planlagt 1.oktober.

## **29/20 Dagleg leiar**

Stilling som dagleg leiar i 30 % er lyst ut. Vart brukt denne tittelen som kan signalisere eit breiare arbeidsområde enn berre sekretærfunksjon. Det bør utpeikast ei gruppe som kan førebu tilsetting m.a. med samtale/intervju med aktuelle kandidatar. Personalsjef Marius Moe i Fjord kommune er villig å hjelpe til med dette. Frå styret deltek Einar Hoel og Ellisiv Jarvik på samtale/intervju. Endeleg tilsetting vert gjort av styret.

## **30/20 Klubbhuset, reinhald og organisering av andre funksjonar**

Louise Heggen som har hatt reinhald på klubbhuset, har sagt opp. Astrid Nerhus Dale har overtatt og styret godkjenner tilsettinga. Ho har eit fast antal timar pr veke i tillegg til tilkalling ved behov.

Pris på utleige av klubbhuset vart sist justert i 2018 og det blir einigheit om å ikkje justere prisane no.

Det er usikkerheit om varmekablane på dusjane er intakt. Dette må sjekkast ut med å sette på kablane over litt lengre tid. Det er mykje masse som skal varmast opp og det er ikkje nok med 2-3 timar. Det tar også lang tid før varmt vatn når fram til dusjane. Rørleggar Starheim har sagt han vil sjå på dette.

Elles opplyser Anders Rem at det er sprekker i vegg og golv i eine hjørnet av dusjrommet. Han vil ta kontakt med fagfolk for vurdering.

Det er bord og stolar til 90 personar og ein bør ha dekketøy som tilsvarer dette. Det vil bli laga liste over utstyr på kjøkkenet og evt supplerast. Nedvask av lokala må gjerast før utleige til konfirmasjon i oktober. Ellisiv ordnar med liste over "vaskarar".

Ressursgruppa er i sving att og kan utføre mindre, førefallande oppgåver.



# Valldal Idrettslag

## 31/20 Diverse informasjon

- TEBE-sport har foretatt djuprens på kunstgrasbada og avgitt rapport. Må bli fylle opp med ein god del granulat. Undersøke om ein kan få reinsa og nytta oppatt granulat som er samla opp rundt bana.
- Invitasjon til Eidsdal IL si 100 års feiring 6. september. Einar Hoel deltek og VIL gir ei gåve på kr 2500 + bok.
- Fastsette kontrollutvalet sine oppgåver i eige møte der leiar og kasserar for hovudlaget deltek saman med medl for kontrollutvalet. Det vert i etterkant halde møte med kasserarane i dei einskilde gruppene saman med rekneskapskontoret.
- Spørsmål om å hjelpe til med tidtaking på Trollstigen opp. Magne Eivind Glomnes har sagt han vil delta.
- Forslag på kandidat for kulturpris for Fjord kommune og søknad på kulturstipend – sjå Fjord kommune si heimeside.
- Det har kome spørsmål frå Fjord kommune om VIL har tankar om bruken av områda Hamna og Rådhusmarka. Innspel frå styret: Frivillige lag og organisasjonar må få nytte områda vederlagsfritt, også til arrangement som gir inntekt til laga.
- Uleige av tidtakingsbrikker: Kr 15 pr brikke til dei arrangement VIL ikkje er ein del av.

Turid  
referent